NVE
Noregs vassdrags-
og energidirektorat

SUNNFJORD KOMMUNE
Postboks 338
6802 FØRDE

Vår dato: 11.03.2026
Vår ref.: 202603750-2 Oppgi ved kontakt
Dykkar ref.: 25/8813-5

Sakshandsamar: Margit Sandem Fjellengen, masf@nve.no

NVE sitt innspel til varsel om oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan for Nye Førde omsorgssenter - Sunnfjord kommune

Vi viser til brev datert 11.02.2026. Saka gjeld varsel om oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for nytt omsorgssenter.

Om NVE
Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjon- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl).

Konkrete innspel

Sikkerheit mot kvikkleireskred i planområdet

Planområdet ligg innanfor den registrerte kvikkleireforekomsten 25425: Falkenstein. Når det planleggast for nye tiltak innanfor ei kartlagd kvikkleiresone, må det etter NVEs veileder 1/2019 – Sikkerhet mot kvikkleireskred blir gjort ei utgreiing av kvikkleiresona, og tilstrekkeleg sikkerheit for tiltaket må dokumenterast. Ei utgreiing av kvikkleiresona skal omfatte ei geoteknisk vurdering og eventuell oppdatering av avgrensinga og klassifiseringa i sona, og dokumentasjon av tilstrekkeleg sikkerheit som beskrive i prosedyren frå steig 4, og utdjupa i kapittel 4 i rettleiaren. Vurderingane skal kvalitetssikrast i samsvar med krav for gjeldande tiltakskategori, og eventuelle endringar av eksisterande sone skal meldast inn for oppdatering av avgrensinga, statusen og klassifiseringa i sonene. Krava til sikkerheit mot skred, under dette kvikkleireskred, er gitt i TEK17 § 7-3 med rettleiing. For meir informasjon og framgangsmåte viser vi til NVEs rettleiar 1/2019.

Generelle råd
For å få eit fullstendig oversyn over korleis de kan ta omsyn til våre tema i reguleringsplanen rår vi dykk til å nytte våre internettsider for arealplanlegging. Der er informasjonen og rettleiinga lagt opp etter plannivå. Vi vil særleg vise til Kartbasert rettleiar for reguleringsplan. Rettleiaren leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til planarbeidet. Den som utarbeider planen har ansvar for at desse interessene blir vurdert i planarbeidet.

Meld inn fareutgreiingar
Naturfareutgreiingar som er tinga etter 01.01.2025 skal meldast inn til NVE i samsvar med pbl § 2-4 og Forskrift om pliktig innmelding av grunnundersøkelser og naturfareutredninger. Vi ynskjer også å få inn naturfareutgreiingar tinga før denne datoen. Geotekniske grunnundersøkingar skal leverast inn til NGU via NADAG. Informasjon finnast her: Meld inn naturfareutredninger - NVE.

NVE si oppfølging av planarbeidet
Dersom planen rører ved NVE sine saksområde, skal NVE ha tilsendt planen ved offentleg ettersyn. I plandokumenta må det gå tydeleg fram korleis dei ulike interessene er vurdert og innarbeidd i planen. Det er viktig at alle relevante fagutgreiingar innan NVE sine saksområde er vedlagt. Vi ber om at alle plandokument blir sendt elektronisk til NVE. NVE prioriterer å gi innspel og uttale til reguleringsplanar der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Etter ei fagleg prioritering gir vi hjelp til dei kommunane som har størst behov.

Ta gjerne kontakt på e-post eller telefon ved konkrete spørsmål om NVE sine saksområde.

Med helsing

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Margit Sandem Fjellengen
Rådgiver

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.

Mottakarar:
SUNNFJORD KOMMUNE

Kopimottakarar: